



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/163555-2

Dykkar referanse:
17/703 – 17/6263

Vår dato:
23.10.2017

Uttale – Dispensasjon – Deling av grunneigedom – Gnr. 46 bnr. 8 – Øvre manger i Radøy kommune

Vi syner til brev mottatt 25.09.2017.

Kva saka gjeld:

Radøy kommune har sendt søknad om deling av grunneigedom gnr. 46 bnr. 8 til uttale. Eigedomen er ein større landbrukseigedom som skal dele frå hus nr. 2 på bruket.

Området som tomte ligg i er avsett til *landbruk, – natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Tiltaket treng difor dispensasjon frå plan.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan og bygningslova (pbl.) §19–2. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Avkøyrsløse frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert etablert ny eigedom jf. pbl. § 27– 4 og veglova §§ 40 – 43.

Det er opplyst at eigedomen skal ha avkøyrsløse frå fv. 409. Fartsgrensa er 50 km/t på denne strekninga og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 2300. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 3 jf. *Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*.

Det er ikkje opplyst kor tid omsøkte bustad vart oppført. Vi har søkt i våre arkiv tilbake til 2003, og kan ikkje sjå at det er gjeve nye avkøyrsløse til dette bruket etter 2003.

Dersom det er tale om eit nyare bustadhus som manglar avkøyrsløse må det søkjast om eit slikt løyve etter veglova. Vegstrekninga er klassifisert til *haldningsklasse 3* jf. *Rammeplanen*.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER


Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Det vil mellom anna seie at tal avkøyrslar til fylkesveg bør avgrensast, men at ein normalt sett kan gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsla dersom dei tilfredsstillar våre krav til teknisk utforming. I dette tilfellet er det tale om utvida bruk. Vi vil då særleg vurdere avkøyrsla si utforming og om minimumskrav til sikt i avkøyrsla er oppfylt. Vi gjer merksam på at vi uttalar oss til denne saka utan å ha vore på synfaring i den aktuelle avkøyrsla. Uttalen er difor av ein generell karakter.

Dersom det er tale om ein svært gamal bustad bygd før 1964 då veglova trådte i kraft, eller søkjar kan dokumentere lovleg avkøyrsløyve vil vi ikkje ha merknad til søknaden.



Figur: Omsøkte bustad og avkøyrsløve frå fv. 409.

Sluttord:

Dersom søkjar kan dokumentere eit lovleg avkøyrsløyve er det ikkje behov for eit nytt løyve etter veglova.

Dersom avkøyrsløyve ikkje kan dokumenterast må det søkjast om slik løyve før det vert gjeve løyve til frådelling etter pbl.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.